

Helse, omsorg, sosiale tenester og miljø

Det viktigaste tenesteområdet til kommunen er Helse, omsorg og sosiale tenester. Anten det er omsorg for eldre, legetilbod eller sosiale tenester, krev det politisk oppfølging.

Framstegspartiet er av den oppfatning at tenestenivået i Kvinnherad er bra, men at det likevel er mogleg å gjera forbetringar på einiskilde område.

FrP vil:

- Sikra alle brukarar av kommunale tenester reell moglegheit til å ta del i utarbeiding av plan for eige tenestetilbod, slik dei har rett til.
- Sikra brukarar av kommunale tenester eit godt tilbod og vere positive til samarbeid med private og ideelle organisasjonar
- Følgje opp satsinga for å etablera produksjonskjøken ved sjukeheimane og alderspensjonatet i Ølve
- Fortløpande vurderer det framtidige behovet for antal sjukeheimplassar i kommunen
- Arbeida for utviding av Husnestunet med nye pasientrom når helsesenterfløyen vert fristilt
- Oppretthalda og forbetra lågterskeltilbodet for rusavhengige. Bustadane med døgnbemanning skal byggjast ut i samsvar med behov, slik at kostnadene går ned og personalutnyttinga opp. Bebuarar med store behov bør kunna tilvisast med tvang
- Samarbeida med Kvinnherad Vekstbedrift og næringslivet om lågterskel- arbeidstilbod
- Innføra ordning med oppsøkjande sjukepleiar for alle innbyggjarar over 70 år, for å avklara eit mogleg hjelpebehov og tilretteleggjing.
- Etablerer bufellesskap for eldre og pleietrengande med base for heimetenester. Eldre eller pleietrengande kan her anten leiga eller kjøpa bustad av kommunen
- Sjå på alternative bygningsmessige tilpassingar og driftsformer for å auka kvaliteten og effektiviteten på kommunale tenester. Brukaren skal vere i fokus!
- Sikra at det er behovet for pleie som utløyser tenester frå kommunen, ikkje den einiskilde sona sin budsjettsituasjon eller kommunen sin økonomi.
- Sikra tannhelsetenesta gjennom offentleg, eller offentleg-privat samarbeid
- Auka legedekninga og arbeida for etablering av apotek i Rosendal.
- Samarbeida med Tysnes kommune om legedekning og oppretthalda legekantoret på Hatlestrand
- Styrka kvalitetssikringssystemet i pleie og omsorg for å sikra best mogleg kvalitet på tenestene. Registrera avvik, som vert følgd opp av eit politisk utval som til dømes levekårskomiteen
- Jobba for heiltidsstillingar i den kommunale drifta.
- Utprøving av 12- timarsordning for helsepersonell i den kommunale drifta
- FrP vil arbeida for at Valen Sjukehus vert utvikla og at anlegget vert betre halde ved like enn i dag
- FrP vil støtte opp om arbeidet for å etablera kvinnefengsel i kommunen.

OPPLÆRING, KULTUR, SKULE OG IDRETT

Utdanning, Opplæring, idrettstilbud, skule m.m., er den primæroppgåva kommunen har, som i stor grad formar framtida til dei neste generasjonane som skal bu og leva i Kvinnherad.

Framstegspartiet er difor oppteken av å sikra at idrett, kultur og utdanning har eit godt fundament som kan bidra til å syta for eit høgt kunnskapsnivå blant framtidas innbyggjarar.

FrP vil:

- Gå mot nedlegging av skular, med mindre det er eit ynskje frå innbyggjarane som har born i skulen eller at det er godt pedagogisk grunngjeve
- Gå mot nedlegging av Undarheim barnehage
- Ta initiativ til høgskuleutdanningstilbod i Kvinnherad
- Vidareutvikla tilbod om alternativ pedagogikk i grunnskulen, med undervisning utanfor klasserommet, for elevar som treng anna opplæring
- Satsa offensivt på etter- og vidareutdanning av lærarar
- Ha tilbod om ungdomssenter på Husnes, Halsnøy, Rosendal og Hatlestrand
- Støtta etableringa av «Ta meg heim- busstilbod i indre og ytre delen av Kvinnherad
- Fokusera på kultur for barn og unge, gjerne gjennom eit kommunalt selskap eller ei stifting som samarbeider med private om finansieringa
- Støtta arbeidet med å byggja idrettshallkapasitet tilpassa behovet i Rosendal og på Halsnøy
- Halda fram arbeidet med vedlikehald og brannsikring av kyrkjene
- Ha jamleg kontakt med Kvinnherad vidaregåande skule og næringslivet for å styrka utdanningstilboda og arbeida målretta med å tilføra kommunen/skulen nye utdanningstilbod.
- Arbeida for å etablere idrettsline ved KVV
- Vera positive til bygging av ny symjehall med 50- meters symjebanar og badeland på Husnes. Prosjektet må utviklast i samarbeid med idrettsmiljøet, friviljug sektor og næringslivet
- Kvinnherad kommune skal til ei kvar tid ha lærlingplassar i alle fagområder kommunen har i tenesteproduksjonen. Målsettinga er 50 læreplassar

OFFENTLIG ADMINISTRASJON

Administrering av ein kommune med mange tenesteområde, er ei stor oppgåve, som påverkar livet til dei som bur i Kvinnherad på fleire måtar. Framstegspartiet ynskjer at det skal vera enkelt for folk flest og busette seg der dei ynskjer, alle stader i kommunen.

FrP vil:

- Vera ein garantist mot gjeninnføring av eigedomsskatt for hus, fritidsbustader og næringseigedomar i kommunen
- Forbetra den kommunale eigedomsorganiseringa, slik at eigedomsmassen blir betre drifta
- Stifta eit kommunalt eigedomsselskap som skal utvikla byggjeklare bustads- og næringstomter
- Selja eigedomar kommunen ikkje treng
- Forbetra måten kommunen driv med vedlikehald av kommunal eigedom. Me vil ôg ha eit enklare system for rapportering av feil og manglar på ting, som t.d. veg, gateljos, vass og avlaup. Gjerne via ein app
- Utredda bygging av solcellepanel på kommunale bygg, som tiltak i miljø- og økonomisamanheng

- Innføra og handheva ein tre dagars frist for kommunen til å svara på skriftlege førespurnader frå innbyggjarane

- At sakhandsamingstida skal som grunnregel vera fire veker for politisk handsaming av saker

- Innføra open kommune. Satsa på meir offentlegheit og syta for at kommuneadministrasjonen er tilgjengeleg for innbyggjarane. Telefonen til kommunen skal vera open i heile kontortida, 0800 til 1500. Plan og byggesak sin vakttelefon skal vere tilgjengelig kvar dag.

- Effektivisera dei kommunale tenestene i samarbeid med innbyggjarar og tilsette

- At eigedomsretten til innbyggjarane skal styrkast

- At kommunen skal rullera kommuneplanen, spesielt arealdelen, minst ein gong i valperioden, samt skjerpe rutinane for å varsle grunneigarar dersom planarbeid får innverknad på eigedomen deira

- Ta initiativ til ein brei gjennomgang av kva som skal vera framtidige kommunale oppgåver

- Intensivera arbeidet for å få redusert sjukefråværet i kommunen

- Vidareføre og utvikla ordninga med undersøkingar for brukarar, pårørande og tilsette i helsesektoren, for å kartlegge tenestekvalitet, tilfredsheit blant tilsette, samt korleis pårørande opplever helsetenestene
- Arbeida for video- og lydoverføring av fleire utvalsmøter enn kommunestyret. Det vil vere naturleg å starte med formannskaps- og utvalsmøtene som vert haldne i rådhuset. Møta i dei faste rådgjevande utvala som ungdomsrådet, eldrerådet og rådet for menneske med nedsett funksjonsevne bør og vurderast på sikt.
- At kommunen skal ta initiativ overfor NAV og andre aktuelle instansar for å få etablert ei ordning med frivilligtilbod som vaktmeister m.m. for hjelpetrengande. Dette kan vere eit arbeidstilbod for frivillige og personar som har restarbeidsevne
- Innføra gebyr tilsvarande halvt rettsgebyr for klagarar ved handsaming av plan- og byggesaker
- At kommunen sjølv skal ha makta over areala i kommunen, ikkje Statsforvaltaren
- Sei «Nei til deling av konsesjonskraftinntektene med andre som ikkje har ofra naturen sin»
- Kjempa mot urimeleg skattlegging av havbruk og fiskeri.

NÆRINGSUTVIKLING OG SAMFERDSLE

Folketalsutviklinga i Kvinnherad har stått stille i mange år, med rett i overkant av 13.000 innbyggjarar. Etter forslag frå Framstegspartiet har kommunen, i samband med ny kommuneplan, løfta målet om å auka innbyggjartalet til 15.000 dei komande åra. All samfunnsplanlegging skal nå innrettast for å nå dette målet.

For Framstegspartiet er det viktig at kommunen til ein kvar tid står klar med ferdig regulerte, og i ein del tilfelle, opparbeidde bustads- og næringsområde. Då vert kommunen konkurransedyktig i kampen om etablering av verksemder, og me tiltrekker oss nye innbyggjarar og nye kompetansmiljø. Det skal vera enkelt å velja Kvinnherad.

FrP vil:

- At Kvinnherad i endå større grad skal verta ein ja- kommune i areal og byggesaker
- Sikra tilstrekkeleg byggeklart nærings- og bustadareal i heile kommunen
- Prosjekta i Kvinnherad-pakken skal gjennomførast i prioritert rekkefølge, slik dei er vedtekne av kommunestyret.
- Setja i gong arbeid med trafiksikringsprosjekt. Trafikktilhøva for tungtrafikk, samt gåande og syklende, må betrast og områdeplanen for bygdene må gjennomførast

- Sjå på alternative løysingar for området Tofte – Sæbøvik i høve trafikk og sikring av kvikkleire-fare
- Arbeida for vegutbetring frå Tofte mot Høylandsbygd
- Fortsetta arbeidet for å få realisert Fjelbergsambandet
- Støtta arbeidet for heilårs- stamveg over Haukeli og samanbinding mot E39 via Kvinnherad
- Arbeida for å korta ned reisetida mellom Kvinnherad og Stord ved innkorting av ferjestrekking
- Arbeida for å rehabilitere fylkesvegar gjennom kommunen. Det gjeld vegskulder, asfaltering og utviding så det vert gul stripe på fleire vegstrekningar
- Støtt aktivt opp om utvikling av Husnes som regionsentrum
- Utvikla idear for gode utviklingsprosjekt i bygdesentrum. Til dømes utgreia etablering av gang- og sykkelbru over Opsangervatnet frå postvegen til Kaldaneset ved Husnes sentrum
- Arbeida for at det vert bygd ny gang- og sykkelveg på Sandvoll, forlenga frå eksisterande gangveg til Handeland, og bygging av ny vegbru over Handelandselva
- Arbeida for at snøggått- og bussrutene til og frå Kvinnherad skal ha høgast mogleg frekvens og kortast mogleg reisetid til Bergen og Stavanger, samt stopp på Varaldsøy for Rosendalsbåten
- Sikra at alle får høve til å konkurrera om offentlege oppdrag og innkjøp, i samsvar med lova og EØS- reglar
- Leggja til rette for gründerar og auka bruken av offentleg- privat samarbeid
- Tillata sal av mat og drikke, samt alkohol, så lenge som lova åpnar for det
- Arbeida for bygging av vegljøs der det manglar.
- Fortsetja arbeidet for å få etablert gang- og sykkelveg frå Best Dimmelsvik til kryss Sandvikjo
- Prioritera fortgang i arbeidet med nytt ferjestø på Varaldsøy
- Få slutført vegutvidinga på heile traseen mellom Austrepollen og Årsnes
- Få gjennomført trafikksikring på Løfallstrand – primært med ny veg ovafor busetnaden.
- Få på plass gangbru over Hellandselva ved Hellandsbrua
- Støtta arbeidet med etablering av lang tunnel mellom Austrepollen og Nordrepollen
- Få revidert bompengeordninga, slik at bompengeinnkrevjinga på strekninga Varaldsøy – Årsnes går ut.
- Arbeida for tilgjengelege og godkjente tilfluktsrom i heile kommunen.